

BuStad

Magasin med oversikt over bustadtomter i Stad kommune



STAD

B U S T A D

Velkommen til å bu i Stad



Gunnar Silden, ordfører Stad kommune. Foto: Sol Fure

Folk er ulike, og har ulike draumar om eit godt liv. I Stad kommune ønskjer vi å legge til rette for at flest mogleg skal få oppfylt sin draum. Også om ein god stad å bu. Uansett kvar du vel å bu i Stad – om du vil bu i kommunesenteret Nordfjordeid eller ute i ei av bygdene og andre tettstadane våre – vil du møte eit lokalsamfunn som vil deg vel.

Vi har gode barnehagar og skular «tett på». Vi har eit mangfald av spennande bedrifter og arbeidsplassar innanfor kommunegrensa – og kort pendlaravstand til jobb i heile Nordfjord og deler av Sunnmøre om du ønskjer det. Vi har levande lokalsamfunn med stor dugnadsånd og eit mangfald av kultur-, idretts- og fritidsaktivitetar med plass til alle. Kvar elles i verda kan du surfe i bølgiene og køyre ski i puddersnø på same stad? Det kan du i Stad og Nordfjord!

Vi har valt å vere så dristige å seie at vi skal strekke oss mot å bli «Verdas beste vesle stad». Ein stad som for stadig fleire kan vere eit fullverdig alternativ til eit liv i dei store byane. Ein stad der du opplever å «bli sett», tatt vare på og vere ein del av noko større. På dei neste sidene finn du ei samla oversikt over kvar Stad kommune kan tilby deg ein stad å bu og byggje. La deg inspirere – og les meir om kva Stad har å by deg og dine på www.hjartestad.no

Velkommen til oss – følg draumen!

Gunnar Silden
- Ordfører Stad kommune






Finn din

Hjarte- stad

Stad er ei langstrakt kommune med mangfaldig natur og mange fine bygdesamfunn å bu i.

Ønsker du å bygge hus, kan du velge fritt mellom bustadtomter i indre, midtre og ytre del av kommunen – avhengig av kvar du har funnet din hjartestad.





♥ Bustadtomter i Stad kommune

Meir info om dei kommunale tomtene, tomtekart, kontaktinfo m.m. finn du på www.stad.kommune.no/bustadtomter. Det er til ei kvar tid også private som tilbyr tomter for sal. Ta kontakt med bygdelaget på «din hjartestad» for info om desse.

Hogaåsen bustadfelt

Solvendt med panoramautsikt over Nordfjordeid, Eidsfjorden og fjella ligg Hogaåsen bustadfelt i dalsida nord for sentrum.





Illustrasjon

Hogaåsen



Feltet er ei naturleg forlenging austover frå Myklebuståsen bustadfelt. Området er sentrumsnært med gangavstand til butikkar, skular, barnehagar, idrettsanlegg og arenaer for eit rikt kulturliv.

Her bur du sentralt til for å kome deg til plassar du skal innom i det daglege. Du treng ikkje bruke mykje av tida di til transport.



Tur- og rekreasjonsområde

Samstundes som du bur nær ein god arbeidsmarknad på Nordfjordeid, bur du også sentralt i ein større arbeidsmarknad der det er mogleg med dagleg arbeidspendling til stader som Stryn, Måløy, Sandane eller Volda. Dette gjev fleksibilitet når to i husstanden skal søkje arbeid. Her er det tilrettelagt med fiber, noko som gjer at du jobbar like godt på ein PC her som på eit kontor i Oslo.

Frå toppen av feltet har ein direkte tilgang til eit mykje brukt tur- og rekreasjonsområde med stinett i ulike retningar. Her har du enkel tilgang til fine setrar som Fossane og Stigane, og til toppar som Tortenholstinden og Såta i grenseområda mot Hjelme-landsdalen. Du bur elles midt i eit unikt

område for friluftsliv med moglegheit for spektakulære toppturar i Nordfjord og på Sunnmøre både sommar og vinter. I løpet av 15 minutt i bil kjem du deg til flotte preparerte skiløyper på Tua eller Harpefossen vinterstid. Det er opparbeidd leikeplassar i nærmiljøet i feltet.

Frittliggjande bustader

Hogaåsen bustadfelt er på totalt 11 dekar. Det er regulert for frittliggjande bustader med inntil to husstandar med tilhøyrande garasjar og uthus. Dette omfattar einebustad, einebustad med utleigedel/sekundærleilegheit, og tomannsbustad. Tomtene har eit areal på 843-1098 m². Pris på tomtene i 2022 er 821 kroner per m², denne vert justert årleg i samsvar med konsumprisindeksen. An-

leggskostnader er inkludert i prisen. Tomtene vert levert med opparbeidd veg i bustadfeltet, tilgang til vatn, kloakk, og kablar til tomta.

Tomter for konsentrert bustadbygging med leilegheiter eller rekkjehus er tilgjengeleg i feltet. Her gjeld eigne prisar og prospekt.

Bustadfeltet har tilkomst via eksisterande vegar i Myklebuståsen. Det går ny gangveg mot sentrum gjennom feltet. Gangvegar er elles knytt saman med eksisterande gangvegnett for å sikre trafikktryggleik og trygge skulevegar. Feltet har gatelys. Byggetrinn 2 vidare austover vil få tilkomst via ny veg frå E39.

Høgda bustadfelt

Høgda bustadfelt ligg vakkert til i Holmøyane, lengst aust i Stad kommune.





Høgda

Høgda bustadfelt ligg ganske nøyaktig midt mellom sentrum i Nordfjordeid og Stryn med 25 kilometer i begge retningar. Likar du å bu landleg og med storslagen natur rundt deg, samstundes som du har sentrumsfasilitetar, skular og kulturtilbod innan rekkevidde, er Holmøyane eit godt alternativ.



Bustadfeltet er sentralt plassert i ein større arbeidsmarknad med fin pendlaravstand til tettstader som Stryn, Nordfjordeid, Grodås, Ørsta/Volda og Sandane. Holmøyane høyrer til Hjelle krins, og har Hjelle skule i Mogrenda 20 kilometer unna som nærskule. Det er også ein arbeidsmarknad i bygda med fleire velfungerande bedrifter. Her er regulert næringsareal for ny aktivitet.

I tillegg til bustadfeltet er det etablert to hyttefelt i området.

Gunstig prisnivå

Tomteprisen er særst gunstig. Frå rundt 90.000 kroner får du byggjeklar tomt, inkludert kommunal veg, vatn og kloakk. Her er gode solforhold i eit ope og idyllisk landskap med utsikt mot Europas djupaste innsjø Hornindalsvatnet, skogen og fjellheimen. I vatnet er det moglegheit for å drive fiske etter fin aure og røye, med høve til båtplass. Er du jaktinteressert er det høve til deltaking i hjortejakt og rypejakt.

I Holmøyane har du enkel tilgang til turterrenget rundt Glitregga, det høgste fjellet i Stad kommune (1297 moh.). Her er oppmerka turveggar og stiar både langs

vatnet, i skogen og til fjells. I området under Glitregga er det høve til å nytte Sonjahytta, ei hytte eigd av bygdefolket. I nærområdet ved vatnet er det felles bade-plass.

Det er godt samhald i bygda, med ulike aktivitetar knytt til idrettslag, skyttarlag, grendalag og grendahus.

Store, trygge tomter

Du bur også midt i eit større topptur-område med tilgang til velkjente stader som Stryn og Sunnmørsalpane. I Holmøyane bur du dessutan berre 12 kilometer frå skianlegget Ullsheim, med eit av dei flottaste løypenetta for langrenn i landet. Bygda er sentralt plassert mellom fleire skianlegg med alpinbakkar og langrennsløyper til bruk både på solfylte dagar og som kveldsaktivitet i lysløype. Andre skianlegg i nærleiken er Harpefossen, Stigedalen, Vangen, Stryn og Hornindal.

Tomtene i Høgda bustadfelt er relativt store, trygt plassert på fjellgrunn. Her er ingen ras- eller flaumfare. Tilkomsten er enkel. Frå Nordfjordvegen E39/Rv15 er det 300 meter med flat, kommunal veg. Feltet er svært barnevennleg og skjerma frå trafikk.

Løkjastranda bustadfelt

Løkjastranda bustadfelt ligg på Haugen vest for Nordfjordeid. Her bur du nær sjøen med panoramautsikt mot fjord og fjell.

Stad kommune jobbar med å legge til rette for utvikling av attraktive bustadområde i gangavstad til Haugen skule og barnehage. Områder det jobbast med er utviding av Åsen bustadfelt og ved Skulebakken.





Løkjastranda



Som bustadområde har feltet mange av kvalitetane som er etterspurt hjå familiar. Her er fritt og trygt for ungar, utan gjennomgangs-
trafikk. Oppvekstsenteret Haugen skule og barnehage ligg ein liten
spasertur bortanfor. Skulen har om lag 60-70 elevar frå 1.-7.-klasse,
medan det i skrivande stund er 16 born i barnehagen.

Feltet ligg i det som på folkemunne blir kalla «Skrivarutmarka». Dette var beitet til det som i tidlegare tider var soren-skrivargarden på Løkjanaset. I området er det tydelege spor frå tida då staden var sentral i rettssystemet. Ikkje berre ligg dei gamle ærverdige bygningane intakt i nabolaget, her er også gamle ferdselsårer i form av stiar i skogen gjennom Løkjaåsen mot Eid.

I løpet av tre minutt er du nede i fjæra der det er badestrand. Her er molo for å legge båtar, og gode føresetnader for fiske.

Avskjerma, men sentralt

I Løkjastranda bur du avskjerma til i spektakulære omgjevnader med utsikt mot fjord og fjell, samstundes som du bur ein kort tur frå kommunesenteret Nordfjordeid med god arbeidsmarknad, helsetilbod og kulturopplevingar.

Køyteturen til sentrum tek ti minutt. Det er også eit godt alternativ å sykle.

Ein kvalitet som blir trekt fram, er at feltet ligg gunstig til for hagebruk.

Bygda har godt miljø med sterkt samhald. Haugen IL står sentralt i miljøet. Frå Løkjastranda bustadfelt er det gangavstand til Klenkarberget stadion med grasbane for fotball, friidrettsanlegg, sandvolleyballbane og klubbhus.

Nokre kilometer unna, i Hjelmelandsdalen, finn du eit av dei flottaste skianlegga i Sogn og Fjordane, med alpinheiser og anlegg for langrenn og skiskyting med eit omfattande løypenett.

Klenkarberget er også kjent for ein populær sommarcamp for born i skuleferien kvart år. Rett ovanfor er det ride-

senter, der det er rideleiar om sommaren og elles aktivitet året rundt.

Fint område for friluftsliv

Frå Løkjaåsen kan du gå til toppen Naustdalskamben der det er dags-turhytte. Det er fin tursti langs lakseelva Hjalma. Langs elva kan du både gå, sykle og ride.

På toppen av Hjelmelandsdalen, bak skitrekke, i grenseområda til Bjørkedalen, finn du nokon av dei luftigaste toppane i regionen. Her har du utsikt heilt til Stadhavet.

Prisen for tomtegrunn er 30 kroner per m², i tillegg kjem tomtetekniske anlegg på 240.840 kroner. Prisen blir justert i samsvar med konsumprisindeksen.

Sentralt i Nordfjord



Nordfjordeid er kommunesenteret i Stad og ligg midt i Nordfjord - eit perfekt utgangspunkt for å oppleve alt Nordfjord har å by på av flott og variert natur, aktivitetar og tilbod.

Er du busett på Nordfjordeid har du også tilgang på eit stort, variert og spennande jobbmarked i heile Nordfjord!

Nordfjordeid har vore ein naturleg samlingstad for folk frå fjern og nær i generasjonar. Her ligg landets eldste militære øvingsplass. Her finn du ei lang, stolt og sprell levande skulehistorie som har tiltrekt seg engasjert ungdom med skarpe hovud og hender i over hundre år. Her finn du sjukehus og nye helseinstitusjonar til nytte for heile regionen. På Nordfjordeid finn du rike handelstradisjonar, sterke skulemiljø og eit blømande idretts- og kulturliv. Du finn Noregs einaste operahus utanom Oslo med tett kulturprogram gjennom heile året, ein av landets beste og største rockefestivalar med 30.000 besøkande og artistar frå heile verda!

Nordfjordeid er ein tett og intim tettstad med eit variert og aktivt nærings- og organisasjonsliv. I hjartet av idylliske Eidskata, kjend for sitt unike trehusmiljø, kan du kjenne dufta av nybaka bakst frå Minibakeriet og kjenne kvilepuls på ein av dei særprega kaféane som folk kjem langvegs for å besøke – Didriks, Coco med fleire. I Eidskata finn du

også mellom anna gullsmeden BergArt, den vesle, sjarmerande interiør- og klesbutikken Primula, vintage-butikkar og den romantiske «Klemmekroken». Restauranten Aske er viden kjent for sine gode smakar. Dei bryggar sitt eige Aske-øl og byr på organiske vinar og mat frå lokale Nordfjord-råvarer.

Ved sjøkanten nokre meter unna Eidskata ligg handelsenteret Alti Nordfjord med eit stort utval butikkar.

Midt i sentrum, rett ved Eidskata, ligg ei av landets rikaste, største og mest spektakulære vikinggraver. Her vart ein vikingkonge hauglagd og brent saman med skipet sitt, Myklebustskipet, som er det største vikingskipet ein har funne spor etter i Norge. Myklebustskipet har no reist seg frå oska berre få meter frå fjorden der skipet fyrst segla for over 1000 år sidan. Skipet kan oppleve i all si prakt i det staselege «naustet» Sagastad.



Rett ved Sagastad ligg Sagaparken - her kan du grille og chill. I parken er også ei «bystrand» der du kan ta deg eit bad i Nordfjorden og nyte sola på fine dagar. Rett ved parken ligg Magnifikk, ein perfekt stad å ta ein is eller reker og noko kaldt i glaset på terrassen ved fjorden. Ei vandring i Sagaløypa tek deg med gjennom Nordfjordeid si historie frå Vikingtida og fram til vår tid.

Nordfjordeid byr på fleire fine vandreturar i sentrum. Her kan du rusle gjennom Eidsgata med sine historiske trehus, ta ein strandpromenade langs fjorden eller ta turen til parken i Malakoff og gå langs Eidselva der villaksen sym. Jektehola ved Eidselva er perfekt for ein liten piknik, her står grillen klar for turfolk.

Frå Nordfjordeid er det utallege lett tilgjengelege topppturar, og treng du ikkje gå mange høgdemeter før du får panoramausikt over Nordfjorden. Frå Trollenykjen 998 moh. ser du både ned til Nordfjordeid sentrum og Nordfjorden på begge sider av toppen.

Nordfjordeid er også heimstaden til Fjordhesten. Her ligg Norsk Fjordhestsenter der du kan besøke den fine Fjordhesten og få deg ein tur på hesteryggen. Det er ei eksotisk oppleving å ta ein ridetur på Fjordhesten i Fjordhesten sitt naturlege habitat - det vakre fjordlandskapet i Nordfjord.

Torvik og Stårheim bustadfelt

Stårheim ligg sentralt til, midt i Nordfjord. I tillegg til arbeidsplassar og aktivitetar lokalt i bygda, har du enkel tilgang til arbeidsmarknad og aktivitetstilbod i eit stort omland.





Torvik og Stårheim bustadfelt

Torvik bustadfelt med 20 tomter ligg solfylt til omkransa av frukthagar på Stårheim vest for Nordfjordeid. Samstundes ligg staden sentralt til i ein stor arbeidsmarknad. Torvik bustadfelt ligg aust for Stårheim bustadfelt, om lag ein kilometer aust for Stårheim sentrum. Det er 12 minutt køyring til Nordfjordeid. Vestover langs RV 15 er det 35 minutt i bil til Måløy.

Ein kvalitet med feltet er fantastisk fjordutsikt. Samstundes ligg det solvendt. Ein kan berre tenkje seg solfylte dagar på terrassen med utsikt over ein blenkjande fjord og med Sørlandshornet i himmelsjå på sørsida av fjorden. Har du budd i by med utsikt inn i veggjen til naboen, og utan høve til å strekkje deg økonomisk til eigedomar med friare utsyn, kan Torvik bustadfelt vere eit godt alternativ. Her kan du skaffe deg bustad til ein fornuftig pris, og stå opp kvar morgon og nyte luksusen med å sjå utover fjord og fjell.

Tomteprisen per m² inkludert tomtetekniske anlegg er 680 kroner. Prisen for tomtgrunn i Stårheim bustadfelt er 75 kroner per m². I tillegg kjem tomtetekniske anlegg på 139.670,-. Prisen blir justert i samsvar med konsumprisindeksen.

Fruktbygd

Bygda Stårheim byr også på ein lokal arbeidsmarknad med mellom anna

bilhandel, bilverkstad og bensinstasjon, båtbygging og entreprenørverksemd. Ein del livnærer seg også på jordbruk. Klima og jordsmonn på Stårheim er veleigna til frukt og bær.

Her er skule med SFO, og barnehage med to avdelingar. Stårheim skule har om lag 65 elevar. Barnehagen har 36 plassar fordelt på avdelingane Knerten og Humlebolet.

På skuleområdet er det laga til eit flott leikeområde, kalla Stårheimsparken. Etter skuletid er området ope for alle som vil bruke det. Her kan foreldre setje seg ned med ein kopp kaffi medan ungane leikar. Skulen har også gymsal som blir brukt til treningar kvar kveld heile veka. Frå bustadfeltet er det kort veg til fotballbane.

Det er eit aktivt organisasjonsliv i bygda, med lag som Stårheim IL, Stårheim songlag med kor for både born og vaksne, Freidig 4H og Stårheim skule-

korps. Her er kyrkje, bedehus og lagshuset Fram.

Stor aktivitet

Idrettslaget er velkjent for skiskyting der Stårheim jamleg har utøvarar i lands toppen. Sjølv om det er mildt i bygda nede ved fjorden, er det vinterlege forhold på skianlegget Harpefossen eit kvarters køyre tur unna. Her er det arena for både skiskyting, langrenn og alpin. I idrettslaget kan du i tillegg vere med på blant anna friidrett, fotball, handball, fjelltrim og idrettsskule.

Stårheim er omkransa av fjell og har mange flotte turstiar til setrer og toppar. Dei fleste turane er godt merka. 4h-klubben er aktiv og har laga naturmøteplass med gapahuk ved fjorden. Der kan du bade, fiske, padle kano og kajakk. Bygda har mange fjærer med fine stadar å bade og fiske.

Kjølsdalen bustadfelt

Kjølsdalen bustadfelt inneheld ti solrike tomter med utsikt over fjord og fjell.





Kjølstdalen



Kjølstdalen krins er ei samling med seks bygder på nordsida av Nordfjorden. Bygdene ligg frå Lefdal i vest til Reksnes i aust, med den største bygda Kjølstdalen i midten. Til saman er her om lag 210 husstandar med vel 500 innbyggjarar. Kjølstdalen er tufta på godt samhald, stor aktivitet, og er ein trygg og fin stad å vekse opp.

Bustadfeltet ligg rett nord for RV 15, aust for avkøyringa mot Kjølstdalen. Staden litt midt i Stad kommune, 20 minutt køyring frå Nordfjordeid sentrum.

Bygda er eit eldorado for jakt, fiske og fangst. Her er fin fjøre med badeplassar. Fjella rundt byr på endelause moglegheiter alle årstider.

Prisen på tomtegrunn er 644 kroner per m², inkludert tomtetekniske anlegg. Prisen blir regulert i samsvar med konsumprisindeksen.

Aktivt organisasjonsliv

Kjølstdalen Montessoriskule og -barnehage ligg i gangavstand til feltet. Dette er ein friskule og privat barnehage som driv etter montessoripedagogikken. Elevtalet er rundt 50. Barnehagen i same bygg har kring 30 born. Skulen er ein 1.-10.

skule med høg kompetanse i kollegiet.

Jordbruk er ei sentral næring i Kjølstdalen. Det finst elles arbeidsplassar innan vegservice og anna entreprenørarbeid, og for pedagogisk utdanna på skule og i barnehage. Avstanden til ein større arbeidsmarknad i ulike retningar er 21 kilometer til Nordfjordeid, Måløy 31 kilometer, Selje 43 kilometer og Åheim 26 kilometer.

Det er aktivt organisasjonsliv i bygda. Kjølstdalen IL har tilbod som handball, fotball og fjelltrim. Trekkløveret 4H er av dei største 4H-klubbane i fylket. Her er kulturskuletilbod i samarbeid mellom kulturskulen i kommunen, skulen og Vindfylla Spelemannslag. Spelemannslaget driv musikkopplæring innan tradisjonsmusikk for barn og vaksne, og har om lag 40 medlemmer frå 6 til 85 år.

Aktivt korpsmiljø

Kjølstdalen er kjent for eit aktivt korpsmiljø med høgt nivå. Her er to korps - Kjølstdalen skulemusikk og Kjølstdalen Musikklag.

Aktive foreiningar er elles Kjølstdalen sanitetsforeining, Kjølstdalen bygdekvinnelag og Kjølstdalen Krins Utviklingslag. På Kjølstdalen Samfunnshus er det faste aktivitetar for lag og organisasjonar, til dømes Bygdekinoen med framsyning ein gong i månaden. Samfunnshuset er ein viktig sosial møteplass.

Kjølstdalen kyrkjelyd er aktiv med gudstenester og andre kulturtilbod i den flotte kyrkja. På bedehuset er det mellom anna aktivitetar for barn, til dømes barnekor, og her er møter og basarar.

Bryggja bustadfelt

Då Bryggja vart ein del av Stad kommune, byrja arbeidet med å planlegge for nytt byggjefelt aust for skulen.





Bryggja



Bryggja er ein fin stad å bu om du er interessert i jakt, fiske og friluftsliv. Med plassering midt i Nordfjord er det kort veg både til fjordfiske, og til havfiske i Frøysjøen utanfor. Ein kvalitet med bygda er skjergarden med gode tilhøve for å bade, padle kajakk og setje krabbeteiner. Øyane utanfor tek av for vår og vind. Utsikta er spektakulær – rett mot Europas høgaste sjøklippe, Hornelen.

Det planlagde feltet ligg i tilknytning til eksisterande byggjefelt, vidare austover. Området ligg solvendt og med utsikt mot fjord og fjell. Frå feltet er det kort veg til Bryggja skule. Dette er ein privat skule for 1.-7. klasse. I tilknytning til skulen ligg Bryggja Grendahus, ein viktig sosial møteplass og forsamlingslokale for mykje av aktiviteten i bygda. Dagligvarebutikken ligg i gangavstand til feltet.

Nydeleg skjergard

Fire kilometer vestover held Fjordly barnehage til. Her er det 30-40 plassar, og det er gode moglegheiter for plass. Leirskulen Fjordly ungdomssenter er eigd av Normisjon. I tilknytning til Fjordly er det også eit rekreasjons-senter. I same område finn vi både Tot-

land kyrkje og det statlege friluftsområdet Søholmen. Dette er ein holme utanfor Totland der Bryggja utviklingslag og klubben Hei og hå 4H har ansvar for vedlikehald. Søholmen er mykje brukt av bygdefolk og båtfolk. Her er kai, badebryggje, sandvolleyballbane og bål-plass, og også eit bygg med ulike fasilitetar.

Det er ein del næringsliv på Bryggja med blant anna butikk, bakeri og bustad-utvikling, og det er skapt ny aktivitet i næringsområde på Kalneset. Mange pendlar til arbeidsplassar i ulike retningar som Nordfjordeid, Måløy og Fiskå.

Godt korpsmiljø

Ved sidan av 4H-klubben er Bryggja

Skulekorps, Bryggja Skyttarlag og Bryggja Idrettslag viktige aktivitetstilbod til born og unge. Korpsmiljøet står sterkt, bygda er også sentrum for Ytre Nordfjord Brass. Også Bryggja sanitetsfor-ening er aktiv. Skyttarlaget har skytebane på Nave, medan mykje av aktiviteten i idrettslaget skjer i området Kvievassdalen, bak byggjefeltet. Dette er eit ypperlig område for småbarns-familiar, med lysløype som vert pre-parert med snøscooter om vinteren.

Området er også utgangspunkt for flotte fjellturar. Her er setredalar, og toppar som Kyranosa, Blankevasstua, Høgeberget og Noranakken. Ein kan gå frå byggjefeltet opp til turområdet, eller køyre den kommunale vegen opp til vassverket.

Krakereid bustadfelt

Med kort veg til skule, barnehage, idrettsanlegg og Selje sentrum ligg Krakereid bustadfelt ved innseglinga til Moldefjorden.





Krakereid

Feltet ligg i tilknytning til bustadfelt på Reset og busetnad i Krakereid. Her bur du midt i storslagen natur med hav, fjell og historie rundt deg. Havet gjev tilgang til råvarer av fisk og skalldyr av beste slag. Fjella gjev høve til flotte turar, sommar og vinter. På den heilage øya Selja fortel dei unike klosterruinane om ei tusenår gamal religions-historie.

Ein stor og iaugefallande kvalitet med Selje er den kritkvite sandstranda midt i sentrum, Seljesanden. Frå Krakereid bustadfelt er det gangavstand til stranda der det er bading og vassportsaktivitet året rundt.

Allsidig arbeidsmarknad

Arbeidsmarknaden er god, med næringar som i mange tilfelle er retta mot havet. I nærleiken er Saga Boats som produserer fritidsbåtar, eit av verdas største linebåtreiarlag Ervik Havfiske på Leikanger, og fiske-utstys-produzenten Fiskevegn på Flatraket. Her er også teknologiverksemda Stad Hotell (Leikanger) tekstilverksemda UniformPartner og industrirørleggaren Simona Stadpipe. Og her er hand-

verkarar, snikkarfirma og entreprenørar. I tillegg er her offentlege arbeidsplassar, til dømes innan skule, helse og omsorg. I Selje sentrum er det kommunehus for Stad kommune, med blant anna innbyggjartorg med bibliotek, frivilligsentral og turistinformatjon. Selje er også vertskap for regionalt pilegrimssenter, lokalisert i Selje prestegard.

Innan ein times køyretur har ein tilgang til ein større arbeidsmarknad på Nordfjordeid, i Måløy og Vanylven.

Godt fellesskap

I desse rammene i havgapet rundt Selje sentrum finn vi bygder og bygdefolk av ymse slag. Nokre har budd her heile livet og kan ikkje tenke seg nokon annan stad,

nokre har flytta heim etter studiar og arbeid i ein by. Medan andre har kome hit på grunn av hobbyen sin, tatt med seg jobben på flyttelasset og skapt sin eigen arbeidsplass. Andre har flykta for å finne tryggleik. Saman skapar dei eit inkluderande miljø og godt fellesskap.

Det er bra med fritidsaktivitetar i bygda og nærområdet. Mange er med på fotball. Her er aldersbestemte lag og seniorlag. Seljecup er ei stor fotballturnering for born om sommaren.

Prisen på tomtegrunn er 65 kroner per m², pluss tomteteknisk anlegg 280.170 kroner. Prisane blir justert i samsvar med konsumprisindeksen.



STAD



Ein mang



Det er mange stadar
i Norge der hav møter
land på spektakulært vis.
Eit av dei mest heftige er
ytterst på Stadlandet.





faldig kommune



Her surfar Atlanterhavet sine bølger heilt inn på strendene. Det gjev ein heilt unik natur og gode moglegheiter til å kjenne på naturkreftene.

Mange av dei som kjem hit eller har slått seg ned her, er på jakt etter bølger med kraft nok til å surfe på. Hoddevik og Ervik er verdskjende for dei flotte, kvite surfestrendene. – Den lyse sanden kunne like gjerne vore på ein sydhavsøy, og når lyset er riktig, freistar vatnet med lokkande turkise fargar.

Men det er langt frå alle som er her for å surfe. Flott turterreng med havørn, sauer, grønne dalsider og ikke minst supre fiskemoglegheiter gjer området attraktivt for friluftsliv og rekreasjon for både fastbuande og besøkande.

Frå Vestkapp – det vestlegaste fjellplatået i Norge møter du Havet med stor forbok-

stav, enten det er ein sjeldan stille dag eller tåke og storm. Eit lunefullt landskap med loddrette klippeveggar ned mot havet, i kontrast til magiske solnedgangar gjev ei naturoppleving for livet.

Dei spesielt tøffe forholda på Stadlandet utanfor halvøya har gjeve grunnlag for bygging av verdas første skipstunnel. – Eit oppsiktsvekkande prosjekt som vil gje store ringverkandar for dei lokale bygdene, med all aktivitet dette medfører for næringsliv og samfunnet elles.

Det er to tettstader på Stadlandet: Leikanger med drøyt 400 innbyggjarar og Selje med nær 700. Resten av dei omtrent 1700 innbyggjarane på Stadlandet er fordelt på bygdene Ervik, Hoddevik, Honningsvåg, Eltvik, Borgundvåg og Årvik. Sør om Stadlandet ligg bygdene Flatraket med 300 innbyggjarar og øya

Barmen. – Alle desse stadar med levande og engasjerte bygdesamfunn til glede for store og små.

I denne delen av kommunen ligg det historiske perler på rekke og rad. Blant desse den heilage øya Selja med Selja kloster og Noregs einaste kvinnelege helgen Sankt Sunniva i spissen. Selje er i dag vertskap for regionalt pilegrimssenter, og er ein av nøkkelstadane på kystpilegrimsleia som går frå Egersund til Trondheim.

I Nordfjord er du også i kronhjorten sitt ville og vakre rike. Om du vil oppleve dette flotte dyret på nært hald kan du ta turen til Nave Hjortefarm som ligg på Bryggja på veg til Stadlandet. Ta gjerne turen innom Bakerie når du er på Bryggja - og nyt den deilige baksten saman med utsikta mot det sagnomsuste landemerket Hornelen i sør.

Flatraket bustadfelt

Bustadfeltet på Flatraket ligg fint plassert midt i bygda, med panoramautsikt mot vakre solnedgangar i Stadhavet.





Flatraket

Flatraket er ei lita kystbygd mellom Måløy og Selje med om lag 300 innbyggjarar. Her kjenner alle kvarandre, og du blir fort inkludert. Bygda er ein levande stad, med eigen festival, felles jonsokfeiring og andre årlege arrangement. Bygda er vend mot nordvest, med utsikt mot Silda og Stad.

På grunn av kort avstand til næring og handel i både Stad- og Kinn kommune er det mange som har etablert seg på Flatraket siste åra. Bygda er prega av nyetablering, utvikling, aktivitet og optimisme. Det er ei levande bygd med dugnadsånd og samhald.

Kort reiseveg

Reiseavstand med bil til Måløy er 15 minutt, Selje 30 minutt og Nordfjordeid 50 minutt. Fiskevegna er den største industriarbeidsplassen. Her er Joker dagligvarebutikk, og Byggtorget med alt du treng av materialar og verktøy. Måløy vidaregåande skule og Fagskulen Sogn og Fjordane Maritim avdeling ligg på Tennebø, ti minutt reiseveg frå Flatraket. Av kommunale tilbod har ein barnehage, skule med klassetrinn 1.-7., bibliotek, og vertikaldelt utleigebustad.

Alle tomter og hus har tilgang til fiber. Enivest har sentral i bygda, og tilbyr høgkvalitets breiband med minimum 100 Mbps.

Båtplass

Når det gjeld fritidsaktivitetar, har Flatraket Idrettslag ein sentral plass. Idrettslaget har klubbhus og fotballstadion, og organiserer aktivitetar som allidrett, turn og fotball på stadion og i gymsalen på skulen. I fjella rundt bygda er det fjelltrim med 14 trimpostar. Idrettslaget har laga ei tre kilometer lang trimløype i Flatraksdalen, eit vakkert friluftsområde.

Det er kort veg frå fjøre til fjell, og havutsikta vert enda finare når du tek ein tur på dei kringliggande toppane. Kanskje vil du avslutte fjellturen med eit bad på

Lynghaug-sanden eller Bakkesanden, to fine bade-strender i nærområdet.

Flatraket småbåtlag har småbåthamn med ledige båtplassar. Det er eit aktivt fritidsfiske på Flatraksvikja. Det er også kort veg til havfiske utanfor Silda og på Stadhavet. Om sommaren kan ein legge båtturen til Selje, Selja kloster, Silda, Måløy eller Kalvåg. Rett utanfor bygda ligg Venøytangane med vakker skjergard, og gode forhold for padling og dykking.

Prisen på tomtegrunn er 69 kroner per m². I tillegg kjem tomtetekniske anlegg på 281.950 kroner. Prisane blir justert etter konsumprisindeksen.

Stave bustadfelt

Ein kilometer frå Leikanger sentrum på Stadlandet ligg Stave bustadfelt med utsikt mot hav og solnedgangar.





Stave

Feltet ligg gunstig til for folk som ynskjer eit lettvinnt liv med god tilgang til arbeidsplassar i lokalmiljøet, og kort veg til skule og barnehage. Likar du å leve eit aktivt liv i pakt med naturen, med surfing, dykking og anna friluftsliv, er dette ein fin plass å slå seg ned.

Bustadfeltet på Stave ligg sentralt plassert på Stadlandet, like ved Leikanger som er eit av tyngdepunkta for vekst og utvikling i Stad kommune. Her har dei siste åra vore både aktiv bustadbygging, og god næringsutvikling med «motorar» som Ervik Havfiske Gruppen og Simona Stadpipe. Stad Hotell med 32 rom for overnatting, konferansefasilitetar, restaurant og bar opna mot slutten av 2019 til glede for både tilreisande og bygdefolk. I industriområdet Stad Næringspark er det skapt arbeidsplassar i høgt tempo siste åra. Også byggebransjen har god selsetting.

Sentrum med det du treng

Lokalt i bygda Stave er den mest kjende verksemda Per Stave AS, ein av dei største lutefiskprodusentane i landet. I nærmiljøet til Stave bustadfelt finn vi

også verftet Westmek i Borgundvåg. I Leikanger er det elles sentrumsfasilitetar som dagligvarebutikk, byggevareforretning, frisør, kafé og pub. Her er kyrkje, og aktivt kristenmiljø.

Tomtene ligg i fantastiske omgjevnader med utsikt mot Stadhavet og den spesielle naturen heilt her vest, der fjella er avrunda og med kystlynghei som vegetasjon.

Barnehage og 1.-10. skule

Frå Stave er det vel ein kilometer til Leikanger sentrum, og to kilometer til Stadlandet skule lenger nord i bygda. Det er ein 1.-10. skule med om lag 110 elevar og 25 tilsette. Leikvang barnehage i same område har tre avdelingar, om lag 50 born og 13 tilsette.

Stadlandet er ein plass folk kjem frå

heile verda for å oppleve. Ein grunn er naturen med store vêrmessig kontrastar frå solfylte dagar til vind med orkan styrke. Ein annan ting er fantastiske sandstrender med bølger som eignar seg for vindsurfing. Og som kulisse til dette ligg det idylliske bygder i små vikar og bukter, dit du kjem med å køyre på smale asfaltveggar som slynger seg over Stadhalvøya.

Leikanger er ein stad der desse vegane møtes, og bygda har over tid vakse fram som eit senter. Det betyr at du fra byggefeltet på Stave har enkel tilgang i alle retningar - til surfing i trendy miljø i Hoddevik eller Ervik, til yoga i Årvik eller til fjelltoppen Revjehornet i Borgund.

Tomteprisen er 40 kroner per m², pluss 109.800 kroner for tomteteknisk anlegg. Prisen blir justert i samsvar med konsumprisindeksen.

Hjelle krins

Hjelle krins er eit populært bustadområde i kommunen, der særleg Mogrenda opplever fortetting.

På Haldormarkja jobbar Stad kommune i lag med privat utbyggjar for å få til eit stort bustadfelt som vil binde saman bustadfelta Mogrenda og Fossebakken nord.





Hjelle

Dugnadsånd og lagsarbeid står sterk i krinsen. I gym-salen øver Hjelle skulemusikk, og på musikkrommet øver damekoret D-kor. Her er tre idrettslag - Heia IL, Heggja-bygda IL og Von IL, i tillegg til Eid IL som også mange er engasjert i. Her er aktivt 4H-miljø i klubbane Hestehoven og Heggrosa. Eidsbygda skyttarlag har base i området.



På sørsida av Eidselva, om lag ein kilometer ned frå Nor, ligg bustadfeltet i Kviane der det også er kome opp fleire nye bustadhus siste åra. Felles for Mogrenda og Kviane er at her er flate og romslige tomter. Utbyggingane her er i privat regi.

Både Mogrenda og Kviane ligg tilbaketrekt og landlig til med naturen i nabolaget, samstundes som det er kort veg til Nordfjordeid sentrum. Mykje av fortettinga i Hjelle krins skjer i området rundt Hjelle skule i Mogrenda, ein 1.-7.-skule for born frå Hjelle og bydene rundt. Skulen har moderne bygningsmasse, med mellom anna stor gymsal, også brukt til forsamlingslokale. Ein annan kvalitet er dei flotte uteomåda med kunstgrasbane og leikeapparat. Skulen er møtestad for både unge og eldre.

I 2017 vart ein 1100 meter lang gang- og

sykkelvegen frå Hjellekrysset til Nor bru ferdigstilt. Det betyr samanhengande gang- og sykkelveg frå Nor bru forbi Mogrenda til Nordfjordeid sentrum. Gang- og sykkelvegen gjev trygg skuleveg og god logistikk for gåande og syklande gjennom bygda. Det vart bygd ut fiber i området i samband med prosjektet.

Bygdene som soknar til Hjelle krins er Heggjabygda, Navelsaker, Holmøyane, Nesbygda, Leivdalen, Kviane og Nor i aust, Hjelle som eit knutepunkt i midten, og med Alsaker og Hildenes i vest mot sentrum.

Europas djupaste drikkevasskjelde
Landskapsmessig er Hornindalsvatnet og lakseelva Eidselva sentrale element. På Stigedalen har du Fellesanlegget Tua med gode tilhøve for ski, der den seks kilometer lange turen gjennom Fladalen inn til Movatnet er mykje nytta til trim og

trening. På Fellesanlegget er det lysløype og skytebane. I dette området ligg mange av dei mest populære toppturane i området, med Vedviknibba, fjella kring Heggjabygda, og med Eidskyrkja og Sunndalsnipa innanfor.

Er du glad i natur og friluftsliv er her eit mangfald av tilbod, alt frå den barnevennlige naturmøtestaden Gildra, til fottur til Hjellesetra, spektakulære toppturar, kajakkpadling på eit blikk-stille vatn, og bading i Vedvikvågen. Europas djupaste innsjø er trygg drikkevasskjelde frå Hjelle til sentrum.

Det er allsidig næringsliv i Hjelle krins, med næringar som jordbruk, handverk, turisme, handel og ymse entreprenør-verksemd. Forsvaret står sentralt i historia og dagleglivet her, sidan Firda kaserne er base for øvingar og kurs i heimevernsavdelinga HV11.

Hjartestad

Tekst/melodi: Vilde og Tore Hjelle

v1

Som ein knyttneve mot havet
som ingen storm kan ta
ligg Stadlandet med ein natur so rik
Og mens båra slår mot land
på ei kvit og fager strand
kan du surfe bølgene i Hoddevik

Ref;

Viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra

At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra
Det var her eg fann min hjartestad

v2

Eit kloster med ein helgen
og ei øy so grøn og fin
Selje ser ut som eit sydenparadis
Og med nordsjøen so nær
ser du bak deg når du fær
inn til Bryggja, som ligg der i solgangs-
bris

Ref;

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v3

Ei sommarnatt, ein sti so bratt
i barsk og flott natur
Vi kom fram, og ut på morgonen det leid
Og såg sola kome opp
ifrå Trollenykjens topp
med ei nydelig utsikt over Eid

Ref;

Viss du tar ein tur te Nordfjord ...

v4

Fjell og fjord, ein båt so stor
eit folk med vikingblod
Ein stad der du kan finne fred og ro
Men då himmelen sto i brann
over Sagaparkens strand
Ja då visste eg, det var her eg ville bu

Ref;

Viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om en ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra -
...viss du tar ein tur te Nordfjord
og mi heimkommune Stad
må du vite om ein ting før du skal dra
At viss du tar ein tur te Nordfjord
kan du fort oppleve at -
du aldri meir ve reise her ifra
Verdas beste vesle Stad

STAD



Ansvarleg: Stad kommune - **Tekst:** Jørn-Arne Tomasgard - **Design:** Byrr

Fotokreditt: Finn Loftesnes, flyfoto s. 5, 6, 9, 10, 16, 18, 20, 24, 26, 28
Ulf Amundsen s. 4, 6, 10, 13, 15, 17, 20, 22, 23
Jørn-Arne Tomasgard s. 6, 14, 12, 19, 28
Steinar Engeland s. 7, 10, 12, 18
Camilla Monsen / Saltwax s. 1, 26
Mathilde Schive-Johnsen s. 8, 31

Liv Karen Stokkenes Jacobsen s. 8
Tore Martin Søbak Gundersen s. 3
Henning Haugen s. 11
Jon Frogner s. 21
Sigve Brochmann Rasmussen s. 13
Tormod Flatabø s. 14

Thomas Hals s. 16
K. Kvamme Photography s. 20
Kystverket s. 23
Helle Frogner s. 23
Øystein Torheim s. 28
J.E Norangshol s. 8

BuStad

STAD
A
•